



Dugnad på Stemneplassen før 17. mai i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret for Uskedal Friluftslag hadde møte i kveld. Ove Myhre er leiar og kasserar. Kristian Olav Bringedal er skrivar. Med i styret er og Hilde Steinsvik, Dag Olav Haugland og Svein Arild Kjærland.

Plassen treng opprustning. Det er lekkasje i betongplata over møterommet og det er fuktgjennomslag iverggene. Eine ytterdøra må skiftast. Mykje skog gjer at det kjem lite sol inn på plassen. Det vert som vanleg dugnad med klargjering av Stemneplassen til 17. mai.

Laga i Uskedalen er samla med i Friluftslaget. Når ein har betalt årspengane, har lag og organisasjonar fri tilgang til plassen for møte og samlingar.

Styret vonar på meir bruk av plassen. Alt no har kommunen tinga plassen for markering av fredsdagen 8. mai.

Av Kristian Olav Bringedal